



Utval:	Eldrerådet
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	03.03.2017
Tid:	13:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.


SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/4	Godkjenning møteprotokoll	
PS 17/5	Referatsaker	
PS 17/6	Reglement for Eldrerådet i Midsund kommune	2017/94

Kyrkjeverje Svanaug Lervik vil delta i møtet for å svare på spørsmål om lov om festing av gravstad.

Midsund 28.02.2017

Svein Misund
Leiar


Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsekreter

PS 17/4 Godkjenning møteprotokoll

PS 17/5 Referatsaker



Utval:	Eldrerådet
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgsenter
Dato:	27.01.2017
Tid:	13:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Svein Misund	LEIAR	
Anne Kari Heggdalsvik	NESTL	
Eldbjørg Orvik	MEDL	
Karle Lervik	MEDL	
Gunnlaug Tangen	MEDL	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
------	----------	-------

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Elin-Grete Vatnehol	Kommuneplanleggar
Odd Helge Gangstad	Ordførar
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Svein Misund

Anne Kari Heggdalsvik

Eldbjørg Orvik

Karle Lervik

Gunnlaug Tangen

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/1	Godkjenning møteprotokoll	
PS 17/2	Referatsaker	
PS 17/3	Årsmelding 2016 - Eldrerådet	2017/31

Det vart halde møte i Eldrerådet den 27.01.17 ved Midsund Omsorgsenter. Møtet vart leia av Svein Misund og tok til kl 13:00. Det var 5 voterande og rådet var fulltaleg og vedtaksfør.

Elin-Grete Vatnehol orienterar om Interkommunal plan for Romsdalsfjorden.

Ordførar Odd Helge Gangstad orienterer:

- Kommunereform
- Beredskapsferge
- Legevaktsordning
- Utbedring fergekai Mordalsvågen
- Endring i buss og fergeruter frå 1. januar

Eldrerådet vil kome med innspel på endringar i buss og ferjetilbodet.

Vedtekter/ Reglement:

Det finnes ikkje noko vedtekter/ reglement for Eldrerådet i Midsund.

Utvalsekretær vart gitt oppdrag å lage eit forslag til reglement for Eldrerådet i Midsund til neste møte.

Svein Misund:

Lov om festing av gravsted på 10 år, etter 30 år. Eldreråd ønskjer å jobbe vidare med dette for å lage klare reglar på det.

PS 17/1 Godkjenning møteprotokoll

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 27.01.2017

Protokoll frå møte den 12.12.16 vert godkjent.

PS 17/2 Referatsaker

PS 17/3 Årsmelding 2016 - Eldrerådet

Forslag til vedtak:

Årsmeldinga for 2016 frå eldrerådet vert godkjent.

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 27.01.2017

Årsmeldinga for 2016 frå eldrerådet vert godkjent.

Møtet vart heva kl 14:45.



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2017/94-2

Arkiv:

Saksbeh: Malvin Gjendem
Bjørnerem

Dato: 22.02.2017

Saksframlegg

Reglement for Eldrerådet i Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/6	Eldrerådet	03.03.2017
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Reglement for Eldrerådet i Midsund kommune vert godkjent.

Saksutgreiing:

Eldreråd er ei lovpålagt oppgåve med heimel i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (Eldrelova) jfr. §1:

«I kvar kommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden.»

Midsund kommune har hatt eit fungerande Eldreråd i fleire periodar, men det har ikkje vore noko reglement eller vedtekter for rådet.

Eldrerådet gav utvalsekretær i oppgåve å leggje fram eit forslag til reglement.

Vurdering:

Reglementet vert drøfta i eldrerådet før det vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalgssekretær

Vedlegg (prenta): Reglement for Eldreråd i Midsund kommune

Vedlegg (uprenta): Lov om kommunale og fylkeskommunal eldreråd (Eldrerådslova)

Særutskrift går til:



Reglement for Eldrerådet i Midsund kommune

1. Heimel

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (eldrerådslova).

2. Føremål

- Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.
- Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.
- Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokoll frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

3. Samansetjing

Rådet skal ha 5 medlemar. 2 politikarar oppnemnt av kommunestyret med vararepresentantar og 3 representantar frå pensjonistlaget med vararepresentantar.

Rådet kan i samråd med administrasjonen innkalle nødvendig ekspertise til saker som skal behandlast.

4. Oppnemning

Eldrerådet blir oppnemnd av kommunestyret, som også veljer leiar og nestleiar. Rådet si funksjonstid følgjer den kommunale valperioden.

5. Sekretariat og økonomi

Rådmannen peikar ut sekretær for Eldrerådet.

6. Godtgjersle

Medlemene i Eldrerådet skal ha godtgjersle etter vedtatt reglement for godtgjersle til folkevalde.

7. Møte

Eldrerådet held møte minst fire gongar i året, eller så ofte som det er behov.

Det skal normalt kallas inn til møte med minst 1 veker varsel.

Det skal førast møtebok frå møta.

Eldrerådet skal kvart år leggje fram ei årsmelding til kommunestyret.

Eldrerådet kan endre reglementet og legge det fram for kommunestyret til godkjenning.